



(Frå Forteljarpanel 30. september 2018 på Bergen off. Bibliotek. Tema var eksplosjonen på Vågen, 20. april 1944. Frå v: Åshild Lerøy, Nils Audun Vassenden, Ludvig Myrland, Bjørn Enes (samtaleleiar) Eli Eustice, Grethe Sangolt, Irene Johansen og Ørnulf Aase)

Sluttrapport «Krafttak for munnleg historie i Hordaland» Kulturelt utviklingsprosjekt 2017/1325

Innhald

Rapport «Krafttak for munnleg historie i Hordaland»	1
1 Bakgrunn - det store bildet	2
2 Infrastrukturutvikling	2
Senter for munnleg historie	4
3 Kompetanseutvikling	4
Kurs:	4
Memoarkonferansen 2018	5
Memoarkonferansen 2019	6
Ny konferanse i 2020?	6
4 Organisasjonsutvikling	7
Betre samsvar mellom organisering og rolle	7
Omdanning til ressursenter	7
Etablering av eit nasjonalt senter for munnleg historie	8
Tverrfagleg interesse	9
Samarbeid og samhandling:	10
5 Økonomi:	11
Takk for støtta!	12
Fagleg innhald på Memoarkonferansen 2019.	13

Prosjektet starta opp hausten 2016. Målet var å bygga opp infrastruktur, kompetanse og organisasjon for munnleg historie (oral history) i Hordaland, og gjera vårt fylke til eit foregangsfylke for ei ny bylgje innan munnleg historie i Noreg.

I november 2016 fekk me ei løyving på 200.000,- frå Hordaland Fylke til forprosjektfasen (arbeidsåret 2017).

Arbeidet kom fort i gang og utvikla seg etter planen. Det vart levert ein halvårsrapport om utviklinga i juni 2017 og årsrapport som ein del av Memoar si årsmelding for 2017.

(begge er tilgjengelege på nettsida Krafttak.Memoar.no/Hordaland)

Hausten 2017 fekk me ei ny løyving på kr 170.000,- frå Hordaland Fylke for fyrste år i hovudprosjektet (2018). Me rapporterte for fyrste halvår i juni 2018. Endeleg rapport for 2018 fylgjer nedanfor.

Hausten 2018 fekk me den nedslåande meldinga at Hordaland Fylke ikkje ville halda fram støtta til andre og tredje år i hovudprosjektet. Me frykta at me dermed måtte trappa ambisjonane kraftig ned for ikkje å kasta blår i augene på samarbeidspartnarar rundt i fylket. Det skapte ein underleg situasjon av di me like før hadde fått melding om at Norsk Kulturfond ville støtta prosjektsøknaden “Krafttak for munnleg historie i Noreg”, som hadde til formål å spreia dei gode erfaringane frå Hordaland til resten av landet. Slik måtte me trappa ned i Hordaland på same tid som me sa “Lær av Hordaland” rundt i resten av landet. (Sjå årsrapporten for Krafttak Noreg). Me fekk også noko støtte frå Bergen Kommune og ei stor mengd gratisarbeid på profesjonelt nivå. Etter kvart klarte me å snu nedtrappinga til eit framhald av den opptrapping som starta like før jul i 2016.

1 Bakgrunn - det store bildet

I søknaden for 2018 formulerte me hovudmåla for arbeidsåret slik: «*Kompetansedeling, kurs, fagutvikling og ein nasjonal konferanse om munnleg historie er dei viktigaste overskriftene på det me ynskjer å gjennomføra*».

Utviklinga har gått svært bra. Det har blitt knytta kontaktar mellom fagpersonar innan arkiv, bibliotek, musé (ABM), universitet og høgskular slik at det i dag går an å snakka om eit nettverk for munnleg historie også i Noreg.

Fleire framstående historikarar har begynt å interessera seg for feltet og å utveksla synspunkt og forskingsresultat med dette nye nettverket. Det er oppstått ein fagleg diskusjon om problem med ein forskningsetikk som tek utgangspunkt i at alt munnleg kjeldemateriale er sensitivt og skal slettast etter bruk. Nasjonalbiblioteket har fått i oppdrag å starta kartlegging og digitalisering av audiovisuell kulturarv – derunder munnleg historie.

To offentleg finansierte institusjonar - Skeivt Arkiv og 22.julisenteret - samlar, formidlar og forskar på munnleg historie. Norsk etnologisk gransking (Folkemuseet) har oppgradert interessa for munnlege kjelder, samlar slike systematisk, og bygger infrastrukturen Minner.no/Minnen.se saman med Nordiska Museet - med rom for å samla munnleg kjeldemateriale. Landslaget for lokalhistorie har begynt å interessera seg for munnleg historie, Norsk Kulturråd finansierte i fjor prosjektet Krafttak for munnleg historie i Noreg.

Me trur på ingen måte at Memoar og prosjektet «Krafttak for munnleg historie i Hordaland» kan ta æra for alt dette. Det er vel snarare slik at både Memoar og alle desse andre utviklingstrekka viser at ei utvikling som har vore forsinka i Noreg, endeleg kjem i gang. Mange ser same behov på same tid – og dermed hender veldig mykje.


Vårt prosjekt har hatt stor nytte av å vera ute i rett tid. Samtidig er me ubeskjedne nok til å påstå at vårt prosjekt også har vore med på å gi momentum til ei svært positiv utvikling i heile landet.



2 Infrastrukturutvikling

Arbeidet med vidare utvikling av infrastruktur har helde fram gjennom heile 2018. Eit «flytskjema» for den strukturen me har bygd opp ser slik ut:

Innsamling: Studio 1 i Bergen off. Bibliotek er prototypen på det me meiner bør bli eit tilbod i mange norske bibliotek, musé og arkiv. Det er enkelt å bruka (det kan bli endå enklare utan store investeringar) og det er rimeleg å skaffa. Det består av ein lysrigg, ein bakgrunn, eit kamera, ein datamaskin med programvaren Open Broadcast Software og ei mappe i nettsky (Dropbox) som inntil vidare blir administrert av Memoar. (Administrasjonen er seinare tenkt overført til eit Senter for munnleg historie). Alle innbyggjarar i Bergen kan låne studio gratis, gjera opptak og seinare bestemma om opptaket skal delast eller om dei vil behalda det privat.



I tillegg har me bygd opp fleire «mobile studio» med same utstyr. (Svært ofte er det ikkje naudsynt med anna enn eit kamera og eit stativ når det skal gjerast intervjuopptak utanom studio).

Arbeidsarkiv: I samarbeid med skytenesta Dropbox har me laga ein mappestruktur i nettsky der kvart innsamlingsprosjekt får si prosjektmappe med plass til ei personmappe for kvar forteljar. Det er store fordelar med eit arbeidsarkiv «i sky»: Det er sikrare – eit minnekort eller ein lokal disk kan lett gå tapt. Det gjer det enkelt å samarbeida – straks ein intervjuar er ferdig med sin del av prosessen kan ein «loggar» ta til å dokumentera innhaldet og evt redigera det. Forteljaren kan få ein epost med ein link der ho/han kan sjå og eventuelt lasta ned råopptaket utan at det medfører nevneverdig ekstraarbeid. Alle involverte har tilgang til informasjon om kor mykje som er gjort. Me har laga eit system for deling av arkivressursar som gjer det vesentlig rimelegare for prosjekt, sogelag eller institusjonar enn om dei skulle teikna egne abonnement.

Redigering: I samarbeid med skytenesta WeVideo har me utvikla eit system der me kan dela redigeringslisensar og der fleire kan samarbeida om videoredigering. Denne ressursen kan også delast med samarbeidspartnarar.

Avleveringsarkiv: Når heile dokumentasjonsprosessen er ferdig, brukar me Dropbox til

mellombels lagring av avleveringsklart materiale. Som tidlegare nevnt er det ikkje noko offentleg arkiv som er klart til å ta imot slike mapper for langtidslagring enno. Men me er ganske sikre på at dette vil koma på plass om kort tid. Mest sannsynleg vil Nasjonalbiblioteket bli avleveringsstaden, i og med at det har all infrastruktur og kompetanse som krevst. Det er også tilsvarende institusjonar som har denne rolla i f.eks. Storbritania (British Library) og USA (Library of Congress).

Publisering: I samarbeid med skytenesta Vimeo.com har me bygd opp eit system der me knytter avleveringsarkivet direkte saman med publisering av video for nett, slik at intervju som skal delast offentleg kan leggjast ut på ein enkel måte.

Formidling: Og i samarbeid med Google har me bygd opp ein nettsidestruktur på domenet Memoar.no der kvart prosjekt som ynskjer det kan få si eiga nettside med prosjektnamnet som forstaving (sjå f.eks. Voss.memoar.no, Sjøfart.memoar.no). Me har laga ferdige sidemalar som senkar terskelen for formidling av lokale eller tematiske memoar-samlingar.

Minner.no: For privatpersonar og muse som har avtalar med KulturIT er det også aktuelt å avlevere til Norsk etnologisk gransking gjennom skytenesta Minner.no. Memoar vart hausten 2018 invitert med i utviklingsprosjektet «Minner.no som felles samlingssted» saman med Norsk Folkemuseum og 11 andre i musé i nettverket «Samtidsnett». Målet med dette prosjektet er å utvikla ein felles infrastruktur for avlevering av minnemateriale, og me vil bruka all vår erfaring til å arbeida for at det blir ein minst like god og like rimeleg struktur som den me har bygd opp med «hyllevarer».

Senter for munnleg historie

I halvårsrapporten i juni 2018 gjorde me greie for korleis me den gong opplevde problemet med avlevering/langtidslagring av munnleg kjeldemateriale. Mykje har hendt sidan då – viktigast er kanhende at Kulturdepartementet har gitt Nasjonalbiblioteket i oppdrag å kartleggja og å starta digitalisering av audiovisuell kulturarv på forgjengelege media som finst på offentlege arkiv, bibliotek og musé. Det vil omfatta ein god del munnleg kjeldemateriale – mellom anna er det sikra at materialet i prosjekta Bergen.memoar.no og Sund.memoar.no blir sikra, i og med at dei er delte med Bergen og Sund bibliotek.

Memoar foreslo i november 2018 at Landslaget for lokalhistorie og Memoar skulle samarbeida om ei tilsvarende kartlegging av munnleg historie og anna audiovisuell kulturarv som finst i søge- og historielag. Landslaget har sagt ja til dette, og ein prosjektsøknad er under behandling i Kulturrådet.

Denne diskusjonen gjekk vidare, og førte seinhaustes 2018 til at tanken om eit nasjonalt senter for munnleg historie. Dette kjem me attende til under avsnittet om organisasjonsutvikling. Viss eit slikt senter blir etablert, vil det vera naturleg å forankra kartleggings- og digitaliseringsarbeidet i frivillig sektor i eit slikt senter. Fram til det, er Memoar villig til å ta denne rolla.



3 Kompetanseutvikling

Kurs:

Utviklinga av Memoar sitt kurstilbod har gått i retning endå større differensiering. Basert på tilbakemeldingar frå kursdeltakarar i 2017 har me utvida tilbodet til fire ulike kurs for like mange ulike målgrupper. I tillegg har me klart eit femte som me ikkje rakk å prøva ut i 2018, men som er klart til bruk frå hausten 2019:

1. **Eit introduksjonskurs** på ein dags varigheit eller mindre har blitt det mest nytta kurset i 2018. Det inneheld fire tema: Verdien av munnleg historie, kort om intervjuopptak, kort om dokumentasjon og etterarbeid og kort om bruk og formidling av munnleg kjeldemateriale.
2. **Eit «forteljarkurs»** der målgruppa er personar som har lyst til å fortelja om sine livserfaringar – frå yrke, organisasjonsliv, lokalsamfunn eller slekt eller rett og slett levde liv. Erfaringane med dette kurset er svært gode – det fører gjerne til at deltakarane kjem i gang med både munnleg og skriftleg formidling om sine levde liv. Kurset har fått ei eiga nettside – Mitt.Memoar.no
3. Eit **intervjuarkurs** der målgruppene er både profesjonelle og frivillige "minnesamlarar" (Aktive historie- og sogelagsmedlemmer, tilsette i musé, arkiv og bibliotek, frilansarar, studentar etc). Kurset går djupare inn på etikk, opphavsrett og ytringsfridom, intervjuteknikk og forskjellane mellom journalistiske intervju og intervju for munnleg historie. Ein stor del av kurset er praktisk intervjuarbeid.
4. Resten av det opprinnelege introduksjonskurset er samla i eit **profesjonaliseringskurs** som omhandlar logging av råopptak, skriving av logg og tekstsamandrag, video redigering i programmet WeVideo.com, arkivering i Memoar sitt mellombels arkiv i **Dropbox** og i Norsk etnologisk gransking sitt **Minner.no**, klargjering for opplasting til offentleg arkiv, publisering gjennom **Vimeo.com**, presentasjon og formidling gjennom produksjon av nettsider under **Memoar.no**, blogging, QR-koding, geotagging, produksjon av munnleg historie til digitale vandringsruter i samarbeid med **Fotspor.mobi**.
5. Me har laga ein mal for ein **trainee-avtale** mellom Memoar og masterstudentar på UiB. Desse vil få tilbod om intervjuarkurset, profesjonaliseringskurset og praksis med alle dei emnene som dei to kursa omfattar. Sidan prosjektet Krafttak Noreg vart så arbeidskrevjande hausten 2018 vart det ikkje teikna slike avtalar i fjor. Men me tar sikte på å invitera studentar som tek til på mastergradsprogrammet hausten 2019.

Me arbeider for å få denne nye kurspakka godkjend som ein eigen kursplan i Studieforbundet kultur og tradisjon.

Memoarkonferansen 2018

Arbeidet for å utvikla ein nasjonal konferanse om munnleg historie starta i under forprosjektet til Krafttak for munnleg historie i Hordaland. Me etablerte fyrst ein liten komite med professor Haci Akman på UiB/Kulturvitenskap og to av våre styremedlemmer, Ada Freng og Bjørn Enes. Hausten 2017 kvart fekk me etablert eit meir formelt samarbeid om ein konferanse mellom UiB/Kulturvitenskap, Bergen Byarkiv, Bergen off. Bibliotek

Memoarkonferansen 2018

Interessa for munnleg historie - oral history - er aukande i Noreg. Ei årsk er at opptak, arkivering, katalogisering og formidling av munnleg kulturarv blir stadig viktigare og viktigare.

Endå viktigare er det at ulike faglige og frittlege finn saman, lærer av kvarandre og samarbeider.

 Malin Thor Turud: Historikar, Linköping Universitet. Om forsking på munnleg historie i Sverige	 Ingar Kaldst: Historikar, NTNU. Om munnleg sore prosessar
 Aulien Kjes: Folkloret, Folkesemset/ NEC. Om munnleg og munnleg	 Line Eiborg: Folkloret, Folkesemset Om "sokn skisser" - tradisjon samarbeid med folkloret
 Maja Gudim Barthelemy: Historikar/journalist, 22. januar 2018. Om vittnesopptak i 2011	 Berit Fosse: Historikar, Sand Kommune Om intervjuetikk i bibliotek
 Runar Jordbren: Historikar, Universitets- bibliotek i Bergen. Om Sokn Arke	 Stig Teneid: Historikar, NHH/Sarlatemuseet i Bergen. Om munnleg kjelde i nye opptak

Lørdag 17/2 2018 kl. 10 - 17:
Memoarkonferansen 2018
Bergen Offentlege Bibliotek

Lørdag 17/2 2018 kl. 10 - 24:
Lipokus og minnetekningar
i Arnolds Hage (Bergen Off. Bibliotek)

Sjå fullt program:
www.memoarkonferansen.no

Prøving:
konferansen2018@memoar.no
Konferansingift: kr. 900,-
Student: kr. 600,- (Memoar mail: kr. 500,-)

Memoar
- munnleg kulturarv
for munnleg historie

Bergen Offentlege
Bibliotek

Bergen
Byarkiv

UiB/
Kulturvitenskap

og Memoar. Invitasjon til å delta gjekk ut i oktober 2017.

Me fekk entusiastiske ja til deltaking frå alle dei mest synlege fagpersonane på dette feltet, så som Audun Kjus (leiar av Norsk etnologisk gransking), Line Esborg (fagansvarleg for Norsk Folkeminnesamling), Ingar Kaldal (historikar ved NTNU og stiftar av Arbeidsarven.net), og Malin Thor Tureby (ein av dei mest synlege historikarane i det svenske forskarnettverket OHIS - Oral history i Sverige). Like entusiastiske svar fekk me frå dei to nye munnleg historie-institusjonane som hadde vakse fram, Skeivt Arkiv og 22. julisenteret. Dei sende Bjørn Andre Widvey og Maja Gudim Burheim. Til sist vart presentasjonslista toppa med historikaren Stig Tenold (professor ved NHH, spesialist på sjøfartshistorie og rettleiar for Memoar og Sjøfartsmuseet si minneinnsamling).

Memoarkonferansen 2018 vart ein stor suksess, både innhaldsmessig og organisasjonsmessig.

- 80 deltakarar var med. Dei kom frå historie- og sogelag frå heile Hordaland og frå svært mange av dei viktigaste musea (Museumssenteret i Hordaland, Museum Vest, Sunhordland Museum, Sjøfartsmuseet)
- I tillegg deltok folk frå arkiv-, bibliotek og musé frå heile landet, mellom dei «tunge aktørar som Nasjonalbiblioteket, Norsk Folkemuseum, Folkeminnesamlinga.
- Mange av dei profilerte institusjonane og prosjekta som arbeider med munnleg historie var med, så som 22. julisenteret, Rockheim, Arbeidsarven, Norsk industriarbeidermuseum og fleire. (Program og full deltakarliste finst på nettsida www.memorkonferansen.no)

Ved avslutninga var det ei «einstemmig krav» at det måtte bli ein ny konferanse i 2019.



Foredragshaldarane på Memoarkonferansen: Malin Thor Toreby (biträdande professor universitetet i Linköping), Bjørn Enes (leiar av Memoar), Ingar Kaldal (professor, hist. inst. NTNU), Bjørn André Widvey (seniorkonsulent

Memoarkonferansen 2019

Ein ny konferanse i 2019 var også arrangørkomiteen sitt ynskje, og arbeidet starta kort etter at den fyrste konferansen var avslutta. Bergen Kommune støtta opp om ambisjonen med ei løyving på 50.000,- kroner. Dette kom svært godt med, sidan Hordaland Fylke avslutta si støtte seinare på hausten. Me bestemte oss tidleg for å unngå “gjenbruk” av foredragshaldarar, men gjorde eit unntak for Maja Gudim Burheim frå 22. julisenteret. På den fyrste konferansen presenterte ho senteret sine planar for innsamling av munnleg kjeldemateriale om terrorhandlingane på Utøya og i Regjeringskvartalet i 2011. No er innsamlinga komen godt i gang, og me bad henne opne neste konferanse med å visa døme på det dei har samla og tilgjengeleggjort.

I løpet av hausten hadde det lukkast å førebu dette programmet til ein ny, dagens konferanse. Også denne i Bergen off. Bibliotek. Vedlagt er eit oversyn over det faglege innhaldet i 2019-konferansen

Ny konferanse i 2020?

Nasjonalbiblioteket / Lokallhistorisk Institutt har signalisert ynskje om å ta over rolla som arrangør av ein åreleg konferanse om munnleg historie. Dersom Hordaland Fylke – og det komande Vestland Fylke – ikkje ser det som interessant å vidareutvikla Bergen og Vestlandet som «hovudstad» for munnleg historie i Noreg, kan det vera eit godt resultat av prosjekt Krafttak å få NLI til å ta ei slik rolle.

Dersom det på den andre sida lukkast å utvikla eit nasjonalt senter for munnleg historie og det blir lokalisert i Bergen, vil det truleg vera naturleg at konferansen held fram med Bergen som fast møtestad. Dette vil bli tema for diskusjon vidare utover i 2019.

4 Organisasjonsutvikling

Ein av dei viktigaste prosessane gjennom 2018 har vore ein intern diskusjon om den rolla Memoar spelar og korleis organisasjonen bør utviklast. Opprinneleg var tanken at me måtte bygga ein organisasjon for munnleg historie i Noreg, slik me hadde sett Oral History Society fungera i Storbritania. Men ganske snart såg me, at ein norsk struktur på dette feltet kan og bør bli annleis enn hos dei.

Både i Storbritania og i USA er oral history-rørsla vakse ut av universitets- og forskingsmiljø. Seinare har bibliotek, musé og lokalarkiv «hengt seg på», og vårt inntrykk er at «community resources» som etter kvart har blitt ein del av rørsla, i stor grad er frivillige i venneforeiningar og liknande rundt det einskilde museet eller lokale objektet.

I Noreg har me ein svært stor og sterk frivillig sektor innan historie og kulturvern. Omlag 530 soge- og historielag er registrerte i Brønnøysund, og størstedelen av desse er slutta saman i Landslaget for lokalhistorie. I tillegg finst mange andre orgnisasjonar og lag, som Kulturvernforbundet, Bygdekvinnelaget, Fortidsminneforeiningar osv osv.

Me melde Memoar tidleg inn i Landslaget for lokalhistorie og Studieforbundet kultur og tradisjon og me er «kandidatmedlem» i norsk Kulturvernforbund.

Betre samsvar mellom organisering og rolle

Då me stifta Memoar, trudde me at det var behov for ein ny organisasjon som kunne rekruttera og læra opp både profesjonelle og frivillige som interesserte seg for arbeid med munnleg historie. Men ganske snart oppdaga me at slike organisasjonar alt finst. Gjennom mange år har medlemmer av soge- og historielag, mållag og ulike kulturminneforeiningar samla og arbeidd med munnlege kjelder.

Problemet har vore at det har vore lite samordning, erfaringsutveksling og kunnskapsutvikling på dette feltet i Noreg. Dermed var det også tidleg klart at det dei eksisterande organisasjonane hadde bruk for, var litt «eksperthjelp», i form av kurs, hjelp til å gjennomføra intervjuopptak og dokumentasjonsarbeid, tilgang til og opplæring i infrastruktur (derunder lån av utstyr og studio) og elles råd og telefonstøtte når dei kom i gang med eige innsamlingsarbeid.

Av og til vart vår eiga medlemsverving eit «konkurransproblem» i samarbeidet med andre organisasjonar. Og når det galt våre eigne medlemmer, såg me snart at dei delte seg i to kategoriar: Nokre få vart veldig interesserte, og ville gjerne koma i gang med ei utvikling fram mot å bli profesjonell. Andre ville «berre» visa si støtte og sympati med det arbeidet me gjorde gjennom å teikna seg for medlemskap. For dei var det nok å få litt informasjon om utviklinga av og til.

Etter kvart oppsummerte me at både frivillige og profesjonelle samarbeidspartnarar hadde bruk for oss som *kompetanseressurs* og *formidlar av praktisk og teoretisk kunnskap* om munnleg historie. Utover i 2018 utvikla det seg dermed ein intern diskusjon om vedtektene burde endrast.

Omdanning til ressurscenter

Om hausten var diskusjonen komen så langt at me fann det rett å trekka inn medlemmene gjennom blogginnlegg og medlemsbrev. Diskusjonane skaut fart under prosjektet Krafttak Noreg, både av de me der kom i nærkontakt med musé og historielag i mange delar av landet, og di me måtte rydda bort all uklarheit for å arbeida effektivt under turneen.

I november formulerte me eit forslag om å omdanna Memoar frå ein medlemsorganisasjon til ei ideell stifting som kunne ta rolla som eit kompetanse- og ressurscenter for alle medlemsorganisasjonar og verksemder som arbeider med historie og folkloristikk. Etter fleire nye omskrivingar vart dette forslaget sendt ut for å behandlast på årsmøtet i Memoar den 2. mars 2019:

- Den frivillige foreininga Memoar opprettar den ideelle Stiftinga Memoar, og overfører namn, nettsider, samarbeidsavtalar, eigendelar og planar dit.
- § 1 i vedtektene vert endra slik: «*Foreininga Memoar som vart stifta i Bergen 2. juli 2015, vedtok på sitt årsmøte 2. mars 2019 å oppretta Stiftinga Memoar, og å omgjera seg sjølv til ei støtteforeining for den nye stiftinga. Nytt namn skal vera **Memoar medlemsforeining.***»
- § 2 i vedtektene vert endra slik: «*Memoar medlemsforeining skal fremja ein kultur for å ta vare på og dele munnlege forteljingar om levd liv gjennom å oppretta og støtta opp under Stiftinga Memoar.*»

Dersom dette vert vedteke på årsmøtet i Memoar den 2. mars 2019, vil det bli det nye styret si oppgåve å gjennomføra sjølve opprettinga av Stiftinga Memoar. Datoen for opprettinga vil bli bestemt når alt er på plass, så som avklaring med Lotteri- og stiftelsestilsynet om storleik på grunnkapital, avklaring med nære samarbeidspartnarar om samansetjing av stiftingsstyret mm. Særleg vil utviklinga av eit organisatorisk initiativ vera avgjerande:

Etablering av eit nasjonalt senter for munnleg historie

Erkjenninga av at det er behov for eit slikt senter vaks for Memoar sin del særleg fram under samarbeidet med Landslaget, Folkeminnesamling og Norsk etnologisk gransking i 2018. Eit viktig punkt i oppsummeringa av efariningane frå Krafftak Noreg var at det er ei veldig interesse landet rundt for å samla inn, dokumentera, arkivera og ikkje minst formidla folk sine forteljingar om levd liv.

Der er ein del frustrasjon på feltet, for utviklinga i Noreg heng ein god del etter det som har skjedd internasjonalt sidan nittitalet. Noreg har ikkje noko offentleg arkiv som systematisk tek vare på munnleg kjeldemateriale, me har inga systematisk fagutvikling eller fagleg diskurs på feltet, ikkje noko tidsskrift, inga formalisert utdanning - og inga finansieringsordning. Me har ikkje ein gong nokon avklart etikk.

Me har tre ærverdige institusjonar med lange tradisjonar med å samla inn skriftleg dokumentasjon på "historie nedanfrå". Norsk Folkeminnesamling (NFS) vart etablert i 1914, og har røter heilt attende til nasjonalromatikken, Asbjørnsen og Moe og Ivar Aasen. Norsk etnologisk gransking (NEG) vart etablert i 1946 - opprinneleg for å samla dokumentasjon om gjenstandane som var samla i Norsk Folkemuseum. Norsk lokalhistorisk institutt (NLI) har vore i funksjon sidan 1956 og blei i 2017 ein del av Nasjonalbiblioteket.

Særleg FMS og NEG har vore drivande i utviklinga av den nye bylgja på dette feltet - men begge er også hardt ramma av innskrenkingar dei siste åra. Desse innskrenkinga ser for oss ut til å hengja saman med ei generelle utvikling innan academia, der europeisk/internasjonalt perspektiv er prioritert framfor norsk, og teoriutvikling er prioritert framfor kjeldesamling og -gransking.

Men at noko manglar, betyr også at det finst moglegheiter for den som er frampå. Me trur at det kjem til å skje mykje på dette feltet, og difor trur me både at det finst tverrfagleg og tverr-institusjonell interesse for å utvikla eit slikt senter.

For å undersøka om dette er tilfelle og for å prøva å få ein snøball til å rulla, tok me til å oppsøka potensielle samarbeidspartnarar i eit slik senter. Ved juletider i 2018 var det tydeleg at det er grunnlag for å å reisa diskusjonen – og sidan Memoar har hovudkontor i Bergen foreslo me for Kulturbyråden i Bergen at ho skulle invitera til ein tverrfagleg workshop om spørsmålet.

Tverrfagleg interesse

Året 2018 var blitt historie då workshop'en kom saman i januar 2019. Me tar likevel med eit kortreferat, sidan den var eit resultat av prosjektarbeidet i 2018 – og sidan prosjektet Krafftak for munnleg historie i Hordaland ikkje skal vidareførast.

20 personar tok del. To var frå Memoar. Dei andre var frå arkivsektoren, museumssektoren, biblioteksektoren, universitets- og høgskulesektoren, kunstsektoren, mediesektoren og frivillig sektor. Representerte verksemder var Bergen Byarkiv, Spesialsamlingane ved UiB, Skeivt Arkiv, Bergen Bymuseum, Sjøfartsmuseet i Bergen, Universitetsbiblioteket, Bergen off. Bibliotek, Universitetet i Bergen (Kulturvitskap), Høgskulen på Vestlandet, Hordaland Teater, Bergen Media City, nokre historielag og Fagavdeling for kunst og kulturutvikling i Beren Kommune. Av politikarar var det Kulturbyråd Andersland og rådgjevaren hennar, Tallak Rundholdt.

Vårt inntrykk etter workshop'en var at det er fylgjande interesser for eit breidt samarbeid om et senter for munnleg historie:



Museumsektoren: Der er lange og gode tradisjonar med å arbeida med munnlege kjelder, også i Bergen. Men det har ofte vore frå prosjekt til prosjekt. Infrastruktur for langtidslagring har mangla, og både fomalitetar, infrastruktur og tradisjon har ført til at det har vore lite gjenbruk av munnlege kjelder. Lyd- eller videoopptak er ofte gjort til ei konkret utstilling, og etterpå har dei blitt liggande usystematisert i magasin. Så eit senter for munnleg historie som både kan arbeida systematisk med infrastruktur og kompetanseutvikling er ein god ide, sett frå museumssektoren.

Arkivsektoren: Skeivt arkiv er ein av hittil to nye institusjonar i Noreg der oralhistorie er eit hovudelement. (Den andre er 22.julisenteret i Oslo). Det er såleis alt nå eit viktig kompetansemiljø i Bergen, både når det gjeld arkivfag, forskning på munnlege kjelder og samarbeid med frivillig sektor. Bergen har frå før eit svært tungt kompetansemiljø innan kulturhistoriske arkiv - ikkje minst etter at Språksamlingane vart flytta til Bergen. Å bygga vidare på dette miljøet med eit senter for oralhistorie / munnleg historie er ein god ide også frå ein arkivfagleg synsvinkel.

Biblioteksektoren: Også biblioteka har lange tradisjonar når det gjeld å samla og formidla munnleg lokalhistorie i form av intervju og filmopptak. Det er eit evig problem å sikra avspjelingsutstyr etter kvart som format blir utdaterte. Dette er no på bedrings veg, i og med at Nasjonalbiblioteket har fått i oppdrag å kartleggja og førebu digitalisering av slikt. Men då er det også på tide å løfta dette materialet frå tilfeldige enkeltopptak til meir systematisk formidling. Det er eit argument for eit kompetansesenter.

Biblioteket har og samla ein del erfaring med å ha eit intervjustudio. Det må framleis kallast utprøving det som skjer rundt dette studioet, for det må driftast med frivillige ressursar og dei er det ikkje nok av til at det kan bli snakka så høgt om tilbodet. Men viss Bergen får eit senter for munnleg historie, vil jo slike intervjustudio kunne bli drifta derifrå. Det vil truleg kunne gjera denne typen kulturarbeid viktigare for alle biblioteka i Bergen.

Akademia: UiB har lange og stolte tradisjonar innan det som før heitte Folkeminnevitenskap, og no er samla under paraplyen Kulturvitskap. Mellom anna har UiB sitt store Etno-folkloristiske arkiv, som langt på veg kan leggjast inn under definisjonen "munleg historie". Historikarane har til no ikkje hatt same interesse for munnleg kjeldemateriale. Internasjonalt har oral history utvikla seg som ein mellomting mellom faga historie og folkloristikk, og det er unaturleg at ikkje Noreg har eit curriculum for denne fagretninga. Eit senter for munnleg historie vil vera interessant både for fagmiljø og studentar - i alle fall på Kulturvitskap. Truleg vil det også vera interessant for fag som historie og journalistikk.

Kunst og formidling: Høgskulen på Vestlandet har ei utdanning som grensar nær opp til munnleg historie, sjøl om den har sitt utgangspunkt i drama og teaterfag. Medvitet om at munnleg forteljarkunst heng nøye saman med munnleg kultur i "det verkelege liv" er høg, og sett får dette fagmiljøet vil eit senter for munnleg historie både vera interessant på feltet innsamling/dokumentasjon og på feltet formidling.

Interessene både til Hordaland Teater og til Bergen Borgerscene er parallelle med dette. Den regionale forteljarkulturen er eit viktig "råstoff" for kunstproduksjon. Og det å finna måtar å dyrka og styrka denne forteljarkulturen kan vera eit veldig godt argument for å oppretta eit senter for munnleg historie, sett frå teaterhald. Forteljarkurs kan vera ein måte å dyrka og styrka på.

Næringsutvikling: I denne tidlege fasen vart det ikkje kasta konkrete forretningsidear fram på bordet. Men det vart peika på at det kan oppstå ting rundt eit senter for munnleg historie som også kan vera økonomisk interessante, både på feltet medieteknologi og på feltet formidling / publisering. Det høyrer jo med til dette biletet at den internasjonale oral history-rørsla i seg sjølv er ein global nisjemarknad for den som klarar å knekke dei rette kodane.

Frivillig sektor: Det "folkelege" aspektet ved munnleg historie er eit svært viktig særtrekk i forhold

til mange andre former for kulturarv. Slike former for "citizen science" som har blitt utvikla innan mange naturvitskapar dei siste åra, har ofte blitt etterlyste innan humaniora. Munnleg historie er eit svært nærliggande felt å tenkja på i ein slik samanheng. Noreg har eit stort og aktivt organisasjonsliv innan historie og kulturvern, og kapasiteten kan visa seg å vera veldig stor, viss organisasjonane får tilbod om kurs, infrastruktur og fagleg støtte frå eit senter for munnleg historie.

Forprosjekt: Konklusjonen av workshop'en var entydig: Dette må utgreiast nærare, Memoar vart oppmoda om å ta eit initiativ til eit forprosjekt, og dette blir ei viktig oppgåve i åra framover. Me kjem også heilt sikkert attende med ein ny søknad til Hordaland Fylke om å støtta dette arbeidet frå 2020.

Samarbeid og samhandling:

Me har i løpet av 2018 samarbeidd med eller planlagt fellestiltak med søge- og historielag i Fana, Austrheim, Radøy, Meland, Sund, Stord, Tysnes, Sveio, Os, Voss, Kvinnherad og Hordaland Sogelag. Samarbeidet omfattar kurssamarbeid, utstyrslån, intervjuopptak/innsamling av munnleg kjeldemateriale og formidling gjennom opne møter og digital formidling.

Me har eller har hatt liknande samarbeid med Bergen Byarkiv, Bymuseet, Sjøfartsmuseet, Sunnhordland museum og museumssenteret i Hordaland. Blant bibliotek har me kome langt i utvikling av ein pilot på eit bibliotekstilbod innan munnleg historie i samarbeid med Bergen offentlege bibliotek, og begynt på tilsvarande samarbeid med Sund Folkebibliotek. Planar om liknande i Radøy Bibliotek og Voss Bibliotek er så langt ikkje realiserte.

Utanom Hordaland har me ei svært positiv utvikling i samarbeidet med Landslaget for lokallhistorie, Norsk etnologisk gransking, Folkeminnesamlinga, Industriarbeidermuseum og Lokallhistorisk Institutt. Frå hausten 2018 vart denne lista utvida til 12 andre musé og søge/historielag gjennom prosjektet Krafttak for munnleg historie i Noreg (sjå <http://krafttak.memoar.no>). Hausten 2018 var lista yttarlegare utvida gjennom at Memoar vart med i utviklingsprosjektet «Minner.no som felles samlingssted»



Frå Forteljarpanel om Kvinner til sjøs på Bergens Sjøfartsmuseum 6. mai 2018. Frå venstre: Arnhild Vada Eggum (telegrafist/purser), Ingebjørg Sæther (telegrafist) og Kjersti Wengshoel (Styrmann)

I løpet av 2018 starta me også samarbeid med barne- og ungdomsskular gjennom Den kulturelle skulesekken. Saman med Møhlenpris Skule og sportsklubben Djerv har me laga eit samarbeid om bydelshistorie der elevane både brukar publiserte intervju om barndom i bydelen heilt attende til 1920-talet, på same tid som dei lagar sitt eige munnlege kjeldemateriale om barndom i bydelen i dag. Dette prosjektet ligg til grunn for ein mal som me tenkjer å utvikla i samarbeid med andre skular vidare framover.

5 Økonomi:

I søknaden for 2018 sette me opp dette budsjettet:

Budsjett 2018	Tim	Kost	Kjøp
Infrastruktur:			
Utvikling av fleire mobile/permanente studio			kr 30 000,00
Utvida brukarsamarbeidet om arkiv			kr 10 000,00
Utvida publiseringssløysinga			kr 10 000,00
Infrastruktur – arbeid	153	kr 50 000,00	
Reisekostnader			kr 10 000,00
kr 110 000,00		kr 50 000,00	kr 60 000,00
Kompetanseutvikling			
Kursutvikling og gjennomføring	123	kr 40 000,00	
Samtykkedokument		kr 0,00	
Dokumentasjonsmetode		kr 0,00	
Emneordstaggning – innføring		kr 10 000,00	
utvikling av utstillingsformat		kr 10 000,00	
utvikling av geotagging		kr 10 000,00	
Utprøving av publikumsarrangement		kr 0,00	
Blogging		kr 10 000,00	
Reisekost			kr 10 000,00
kr 90 000,00		kr 80 000,00	kr 10 000,00
Utviklingsarbeid – organisasjon			
Tematiske minneinnsamlingar – sjå prosjektbudsjett			
Fagutvikling / nasjonal konferanse	61	kr 20 000,00	
Nettverksbygging	31	kr 10 000,00	
Reise- og møtekostnader			kr 20 000,00
kr 50 000,00		kr 30 000,00	kr 20 000,00
Totalsum – år 1:		kr 160 000,00	kr 90 000,00
			kr 250 000,00

Som nevnt i teksten over fekk me ei løyving på 170.000 av dette (153.000,- er utbetalt til no). Avviket frå oppsett budsjett vart kompensert av at me fekk tilslag på ei rekke andre søknader, der me kunne bruka deler av søknadsmidla på arbeid som også høyrde inn under prosjekt Krafttak for munnleg historie i Hordaland. Dette var midler frå Bergen Kommune (Driftsstøtte og støtte til memoarkonferansen 2019) og Kulturrådet (krafttak for munnleg historie i Noreg).

Desse tilslaga gjorde både at ambisjonsnivået steig og at handlingsromet vart utvida. I tillegg har to personar lagt inn eit så stort frivillig og ubetalt arbeid i Memoar, at det har vore mogleg både å strekka økonomien lengre og bygga opp Memoar sin eigenkapital.

Årsrekneskapet for 2018 ser slik ut:



Driftsinntekter	2018	2017
31 Salgsinntekt, avgiftsfri	16 088,85	0,00
32 Salgsinntekt, utenfor avgiftsområdet	169 640,80	155 494,77
34 Offentlig tilskudd/refusjon	392 439,00	345 498,00
39 Annen driftsrelatert inntekt	4 456,25	22 473,00
Sum driftsinntekter	582 624,90	523 465,77
Driftsutgifter	2018	2017
40 Forbruk av råvarer og innkjøpte halvfabrikata	- 1 641,00	0,00
45 Fremmedytelse og underentreprise	- 2 375,00	- 1 500,00
50 Lønn til ansatte	- 143 632,16	- 229 293,16
54 Arbeidsgiveravgift og pensjonskostnad	- 20 251,00	- 32 324,15
63 Kostnad lokaler	- 25 000,00	- 13 687,00
64 Leie maskiner, inventar mv.	- 2 186,00	- 1 510,00
65 Verktøy, inventar og driftsmaterialer som ikke skal aktiveres	- 38 508,05	- 28 331,98
67 Fremmed tjeneste	- 4 200,00	0,00
68 Kontorkostnad, trykksak o.l.	- 51 543,05	- 4 700,26
69 Telefon og porto o.l.	- 1 038,82	- 1 080,00
71 Kostnad og godtgjørelse for reise, diett, bil o.l.	- 148 772,19	- 45 184,02
73 Salgs-, reklame- og representasjonskostnad	- 4 722,94	- 2 876,29
74 Kontingent og gave	- 500,00	- 1 773,68
77 Annen kostnad	- 1 083,00	- 186,50
Sum driftsutgifter	- 445 453,21	- 362 447,04
Driftsresultat	137 171,69	161 018,73
Finansinntekt og finanskostnad, ekstraordinære poster	2018	2017
80 Finansinntekt	152,00	113,00
81 Finanskostnad	0,00	- 157,00
Sum finansinntekt og finanskostnad, ekstraordinære poster	152,00	- 44,00
Resultat	2018	2017
	137 323,69	160 974,73

Rekneskapet er ført internt i Memoar med konsulentbistand frå Fakta Rekneskap AS. Det er revidert av Kåre Dale som har gått inn i rolla som tillitsvald revisor etter at årsmøtevald revisor Svein Dávøy måtte seia frå seg oppdraget på grunn av helseproblem.

Takk for støtta!

Til sist vil me takka Seksjon for kunst og kulturformidling i Kultur- og idrettsavdelinga i Hordaland Fylkeskommune for gode råd og lærerik rettleiing før og under prosjektet! Me vil også takka politikanane i Utval for kultur, idrett og regional utvikling for å ha sett potensialet og støtta oppstarten av dette arbeidet.

Bergen 26.februar 2019

For Memoar
Bjørn Enes

Vedlegg:

Fagleg innhald på Memoarkonferansen 2019.



Nestoren i norsk oral history:

Professor emeritus Knut Kjeldstadli har alltid lagt vekt på munnlege kjelder. slik sett har han vore eit unntak i norsk historikarmiljø. I januar 2018 skreiv han artikkelen “Mnemoteket”, der han argumenterte for å etablera eit “minnenes depot”, eit sentralarkiv for kvalitative data, like viktig som Statistisk Sentralbyrå er for kvantitative data. Memoar trur at me arbeider for å verkeleggjera hans visjon. Det blir spennande å høyra om han er samd!

Poesi og etikk i intervjusituasjonen:

Professor emeritus Bente Gullveig Alver er nestoren innan folkloristikk / kulturvitskap i Bergen. Me har hatt veldig interessante diskusjonar om etikk - ikkje minst om forskjellane mellom presse-etikken, der munnlege ytringar har like stort krav på ytringsfridom og opphavsrett som andre ytringsformer, og forskningsetikken, der munnlege ytringar er rekna som sensitiv informasjon som i regelen skal transkriberast, anonymiserast og slettast etter bruk. Ho har viktige poeng som utdjupar problematikken. For eksempel dette: I eit godt intervju kan det skje ting som ingen av partane var budd på. Det kan vera eit etisk overtramp å inngå publiseringsavtalar i situasjonen midt under eller rett etter intervjuopptaket. Ho har lova å fortelja og reflektera frå si rike erfaring på dette feltet.

Polyfoni som historisk metode - stemmene frå Alexander Kielland:

Marie Smith-Solbakken er ein nyleg etablert kontakt for oss - noko som viser kor fragmentert oral history-miljøet i Noreg har vore. For ho har arbeidd med minner frå Alexander Kielland-ulukka i over ti år. På Memoarkonferansen kjem ho til å gjera offentleg at 300 minneintervju med overlevande, etterlatte og redningsmenn nå er samla og dokumenterte og vil bli tilgjengeleggjorte i alle fall for alle som skal forska på ulukka. Ho har lova å reflektera over det ho kalla polyfoni som metode. Personleg trur eg dette blir eit høgdepunkt på konferansen. Truleg vil Hans Jørgen Wallin Weihe presentera prosjektet saman med henne. Han er professor i sosialt arbeid ved Høgskulen på Lillehammer, og har deltatt i arbeidet heile tida - dei to er gifte.

Stormen i Sagobygden:

Ola Hemstrøm er journalist i Sveriges Radio. Mellom anna er han kjend for programserien “Sverige berettar”. Då orkanen Gudrun traff Småland i 2005, var det den mest øydeleggande stormen i manns minne. Sagobygden i Ljungby oppmoda folk om å ta vare på alle forteljingane om stormen - resultatet vart boka “Stormen” som Ola har redigert. Han skal fortelja om dette - og om samarbeidet

med Dramaten i Stockholm, der han har produsert ein serie med sceniske versjonar av “Sverige berettar”.

The rise of oral history....

Anne Heimo er leiaren av oral history-nettverket i Finnland (FOHN). Sist sommar var FOHN vertskap for International oral history association sin 20. verdskonferanse. Ho er også europeisk representanten i styre for verdsforbundet. Få har betre bakgrunn for å samanlikna fagfeltet oral history i Norden med den internasjonale utviklinga innan faget - og det er akkurat det ho skal snakka om. (Anne har bede om å få halda sitt foredrag på engelsk)

Lokalhistorisk institutt og munnleg historie

Dag Hundstad er historikar - med røtene sine på Sørlandet. I fjor vår tok han over som leiar av Lokalhistorisk Institutt (NLI), som i 2017 vart gjort til ein del av Nasjonalbiblioteket. Det førte til ei nærast “eksplosiv” utvikling av forholdet mellom Memoar og NLI. Hundstad var nemlig frå før veldig interessert i munnleg historie. Det viste seg at han hadde fylgt med på utviklinga vår - og var klar med ein gong me ba om eit møte. Han skal snakka om korleis han og NLI ser på dette med å starta eit arbeid også på feltet munnleg historie. Me har store forventingar til dette. Me håpar mellom anna at Nasjonalbiblioteket blir aktuelt som vertskap for eit “munleg riksarkiv” - ein parallell til British Library’s Sound Archive, organisert som eit datasenter og med video som hovudformat frå no av.

Munnlege kjelder til utmarksrettar

Synnøve Solbakk arbeider i Finnmarkskommisjonen, som er ein domstol som mellom anna skal avklara rettार og gamal hevd i utmarksområde i Finnmark. I all hovudsak gjeld det rettार i reindriftsnæringa. I samisk tradisjon er dette ein del av den munnlege kulturen. Kommisjonen arbeider no for å avklara og skriva ned desse rettane - men då er det viktig å få best mogleg dokumentasjon på kva som gjeld munnleg. Dette arbeidet skal Synnøve Solbakk snakka om. Me traff henne under Krafttakturneen, ho to del på det fyrste kurset i Varanger. Ho meinte den gong at ho hadde stor nytte av kurset. Og me meinte at det ville vera veldig nyttig å formidla hennar og Finnmarkskommisjonens arbeid og erfaringar til resten av det norske/nordiske oral history-miljøet.

Meir poesi og etikk

Efraim Kanestrøm er i dag prosjektmedarbeidar i Memoar. Han har ei spennande livshistorie. I vaksenlivet har han vore bonde, soldat og industrileiar. Me er veldig glade for at han har blitt så interessert i oral history at han er i ferd med å velja det som yrke for resten av livet. Veggen hans inn i dette er like spennande. Ei grunnleggande interesse for historie førte han inn i eit kurs som Memoar i Bergen arrangerte. Å bli intervjuar var eit av elementa i kurset. Under intervjuet - eg var den heldige som fekk intervjuar han - hende akkurat det som Bente Alver skal snakka om: Me kom inn på ting som løyste ut kjensler som han ikkje var klar over at han hadde. Kjenslene tok over - tårene kom. Han har bestemt seg for å fortelja om det som hende - og å visa den delen av intervjuet. Og så skal han forklara kvifor han har bestemt seg for at dette vil han publisera .

Kriminaletterforskaren som intervjuar

Anne Marie Kollhus har ei lang politikarriere bak seg. I mange år var ho kriminaletterforskar i Oslo - før ho pensjonerte seg, flytta heim til Hallingdal og melde seg inn i historielaget der. Ho var på kurs med Memoar under Krafttak-turneen, og oppdaga at ho hadde stor nytte av politierfaringane sine når ho sat som intervjuar frå historielaget. Ho skal fortelja om og reflektera rundt denne erfaringa.

Dei siste vest i havet

Siri Linn Brandsøy kjem sjølv frå Solund, heilt ytterst i Sogn. Det er ein kommune med 1000 øyer - og 900 innbyggjarar (915 innbyggjarar i 2014). Som andre jenter der har ho reist til byen og utdanna seg. Ho blei Visuell Antropolog. Så reiste ho heim att, og bestemte seg for å livberga seg med ein kombinasjon av sauehald og filmskaping. Ho var på kurs med Krafttakterneen og såg at her var det faktisk eit mogleg attåtnering for henne: Filmskapar, sauebonde og minnesamlar. Og sjølv sagt er det forteljningane til dei 914 andre på øyene som er hovudtema. Dei kallar seg “dei siste”, for dei fleste trur at øyene blir avfolka etter dei. Men Siri Linn sjølv er jo eit bevis på det motsette!

Immateriell kulturarv - og framtidsmuseet

Marianne Nystad er sjef på Tingvoll Museum på Nordmøre. Ho er ein entusiast og ein energibunt. Under Krafttakterneen sto ho for den suverent største intervjuorganisasjonen av alle - i løpet av halvannen dag ble det gjort 13 intervju og produsert omlag 25 timar munnleg kjeldemateriale. Og i tida etterpå har ho jobba vidare - både med å leggja og iverksetja planar om korleis Tingvoll Museum skal utviklast frå eit museum med fokus på gjenstandar, til eit museum med forteljingar.

Visjonar - akkurat no:

Til sist skal Audun Kjus, Line Esborg og eg, Bjørn Enes, leggja opp til ein plenumssamtale om vegen vidare. Me har tenkt å lansera og argumentera for visjonen om eit senter for munnleg historie. Audun kjem til å fortelja om Jacob Nicolai Wilse, potetpresten frå Spydeberg som fortalde at han (eller rettare hans alter ego Philoneus) fall i søvn i det “deylige landskab” i Spydeberg (Audun bur i der!), og då han vakna var han brått kome til framtida. Ein liknande visjon har altså Audun opplevd, i Bergens “deylige landskab” - og han vakna altså i den enorme skyskraparen til Senter for munnleg historie. Derifrå fortel han, Line og eg om korleis dei ulike rom såg ut og kven me møtte i denne skyskraparen.

Tanken er at ein slik visjonær inngang skal føre til ein diskusjon i forsamlinga og kor me står og kor me skal gå vidare i arbeidet for eit norsk (eller nordisk?) Oral History Society.